

Referat frå styremøte i TSG på Morgedal Hotel torsdag 17.10.13

Dei som møtte: Jon Aslak Austjore, Kirsti Sandland og Sigmund Strand

Forfall: Tor Isak Oxum og Turid Mæland

Sak 20/2013 Innkalling og sakliste godkjent utan merknader

Sak 21/2013 Referatsaker

- Rovdyr- eit tema som alltid kjem attende. TSG søkte i haust om felling av ulv i heile Telemark. Dette vart avslått pga lisensfelling. Jon Aslak møter for TSG på “beiteseminar med fokus på rovvilt”. Jon Aslak og Sigmund møter på samrådingsmøte for landbruksorganisasjonane i rovviltnregion 2.
- Dyrskuen vart gjennomført på ein god måte. Positivt at NSG stilte for ein dag medan Cathinka Kjelstrup møtte på vegne av gjetarhund. Det er viktig, allereie no å ta kontakt i samband med neste års dyrsku. Sak på neste styremøte. Det er interesse for å få til ei gjetarhundoppvisning. Cathinka kan være ein kontakt her. Elles var det litt sal og nokon nye medlemmer.
Dugnadslista vart stort sett fylt opp. Transport av sau gjekk greitt etter litt vedlikehald på hengaren. Sauen kunne med fordel vore i lett betre hold, men ikkje noko problem. Saueklyppinga gjekk bra. Som eit innspel i samband med seinare dyrsku kunne inseminering vore tema.
- Høyridsdokument - Tokkeåi Natur Reservat. Ingen kommentar. Tatt til orientering.
- Møte “Framtidas sauehald krev rett behandling av snyltarar” på Granvin i Seljord. Eit særskilt godt besøkt møte, ca. 45 deltakerar, og interessant program.
- Kåringane
 - Rauland. Litt færre stilte lam enn i fjor. Bør tenke gjennom arrangementet med tanke på meir “aktivitet”
 - Sauland. Godt gjennomført.

Sak 22/2013 Haustsamling 1-2 november

Programmet for samlinga er klart. Håpar på god oppslutning om arrangementet.
Eit samarbeid med saueprosjektet.

Sak 23/2013 Eventuelt

Værutstilling 9 november 2013. Husdyrhallen på Dyrskuplassen.